

MØTEPROTOKOLL

Utval: Utval for natur
Møtestad: Kommunestyresalen
Møtedato: 05.09.2007 **Tid:** 14.00 – 19.30

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev. Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av 7 medlemmer møtte 7, inkl. varamenn:

Frode Bjørnås og Janne Drevsjø møtte til kl 15.00
Varamedlem Sigmund Dyrhovden møtte i sak 50/07.

Andre som var tilstade på møtet:

Avd. ing. Knut Steinsland møtte under referat og meldingar og i sakene 51 og 52
Landbrukssjef Helene Dahl møtte i sak 49
Miljø- og plankonsulent Karen Tvedt møtte f.o.m. sak 53.
Ordførar, leiar av teknisk eining og adm.sjef var til stades på heile møtet.

Merknader:

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 10. september 2007

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:

Leiar ba om at det vert teke opp ei ekstra sak om Statnett sin søknad om fritak for utarbeiding av reguleringsplan knytt til tilleggsøknad. Utvalet vedtok samrøystes at denne saka skal takast opp til slutt.

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:

Protokollen frå førre møte vart samrøystes godkjend.

UTVALET SITT KVARTER:

Marion Langhelle Pedersem reiste spørsmål om utbetring av fylkesvegen til Kvittingen.

Administrasjonen orienterte om at vegvesenet har vore i kontakt med kommunen med spørsmål om deponering av masser i samband med utbetring av veggen. Det vart då og orientert om at arbeidet med utbetring vert starta med det første.

Olaug Øystese viste til ein samtale med ein av oppsitjarane på veggen til Steinsland bustadfelt som var uroa over at bilane held stor fart opp Steinslandsbakken. Her oppstår mange farlege situasjonar. Kva kan gjerast?

Sture Tveit peikte og på at mange ikkje respekterer skilting om gjennomkjøring av veg gjennom skuleområdet på Gjerde. Det er mange barn som nyttar skuleområdet til leik på kveldstid.

Administrasjonen viste til at det har vore samtaler om trafikkale tilhøve i desse bustadfelt.

Når det gjeld Steinslandsbakken, vil det måtte vurderast om det skal etablerast fortau.

Utvalet meiner at det vert kjørt fort mange plassar i området, og det bør rettast ein førespurnad til politiet om gjennomføring av kontrollar.

MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:

Administrasjonen orienterte om **byggjesøknad på Ytre Tysse** som inkluderar riving og oppattbygging av bygg langs kaikanten. Sjølv bygget er i samsvar med reguleringsplanen, og administrasjonen har fatta vedtak etter delegert fullmakt. Administrasjonen ønskte å høyra om politikarane hadde ei oppfatning om det skulle vera felles utforming av det private arealet langs sjøkanten. På reguleringsplanen er det sett av eit område frå "banken" til off. parkeringsplass til privat kaiområde, men utforming av arealet er ikkje bestemt. Utvalet drøfta spørsmålet utan at det vart konkludert.

Det vart orientert om at fylkesmannen i Hordaland har gått imot søknaden om **konsesjon for kraftverk i Hopselva** (Fusa). Avgjerda ligg hjå NVE.

Miljø- og plankonsulentetn ga ein oversikt over arbeidet så langt med **strandsonenplanen** samt skissert ein framdriftsplan for arbeidet fram mot endeleg plan. Det vart og nemnd at det pga. nytt val gjerne skulle veljast nye representantar frå naturutvalet til arbeidsutvalet for strandsonenplanen.

Desse sakene vart handsama:

SAKSLISTE

Utvalgssakstype/nr.	Arkivsaksnr. Tittel
0049/07	07/00349 SØKNAD OM KONSESJON VED ERVERV AV FAST EIGEDOM GNR/BNR 30/10
0050/07	07/00329 SØKNAD OM LØYVE TIL Å BYGGJA RIDEBANE PÅ GNR.19 BNR.8 NORDVIK.
0051/07	07/00346 UTBYGGINGSPLAN HAGAMULEN.
0052/07	07/00331 SØKNAD OM BYGGJELØYVE FOR ANNEKS PÅ GNR.4 BNR.30 TRENGEREIDFJORD.
0053/07	07/00025 KOMMUNEDELPLAN - GODKJENNING AV PLANPROGRAM FOR STRANDSONEPLAN
0054/07	07/00257 DELINGSSAK GNR 28, BNR 3 OG 7 FRÅDELING AV PARSELL MED GARASJE TVEITERÅS
0055/07	07/00299 DELINGSSAK GNR 20, BNR 3 FRÅDELING AV TOMT PÅ STEINSTVEIT
0056/07	07/00301 DELINGSSAK GNR 3, BNR 4 - BUSTAD PÅ VÅGE
0057/07	07/00304 DELINGSSAK GNR 11, BNR 1.
0058/07	07/00305 SØKNAD OM DISPENSASJON GNR 36, BNR 1 - JARLAND
0059/07	07/00324

**SØKNAD OM DELINGSLØYVE FOR PARKERINGSPLASS
FRÅ GNR 31 BNR 6 - DYRHOVDEN**

0060/07

07/00029

ENDRING AV STATUS FOR KOMMUNALE VEGAR.

0061/07

05/00087

**NY KRAFTLEIDNING MELLOM EIDFJORD OG
SAMNANGER. Søknad om dispensasjon frå plankrav**

0049/07

SØKNAD OM KONSESJON VED ERVERV AV FAST EIGEDOM GNR/BNR 30/10

Framlegg til vedtak::

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Handsaming i møte:

Olaug Øystese sette fram slikt framlegg: Det vert gjeve konsesjon til Frode Stien for å kjøpa gnr. 30 bnr. 10 med heimel i konsesjonslova § 1.

Grunngjevinga for vedtaket er at det er ein liten landbrukseigedomen, med eit lite næringsgrunnlag og at han ligg isolert til i høve til det øvrige landbruksmiljøet.

Vedtak:

Det vert gjeve konsesjon til Frode Stien for å kjøpa gnr. 30 bnr. 10 med heimel i konsesjonslova § 1.

0050/07

SØKNAD OM LØYVE TIL Å BYGGJA RIDEBANE PÅ GNR.19 BNR.8 NORDVIK.

Framlegg til vedtak::

Søknad om ridebane er i strid med stadfest kommuneplan. Ein kan ikkje sjå at det er peikt på særlege grunnar for å gje dispensasjon frå kommuneplanen og søknaden må på dette grunnlag avslåast

Med heimel i gjeldande kommuneplan vert det ikkje gjeve byggjeløyve for ridebane på gnr.19 bnr.8.

Vedr. opplysning om klagerett på vedtaket, vert det synt til forvaltningslova §§ 27 og 29-32, og plan og bygningslova § 15. Klagefristen er 3 veker frå de mottok vedtaket.

Handsaming i møte:

Idar Reistad og Frode Bjørnås ba om å få vurdert ugildskapen sin ved handsaming av saka.

Dei to gjekk ifrå ved handsaming av spørsmålet. Utvalet vedtok samrøystes at Idar Reistad var ugild. Med 3 mot 2 røyster vedtok utvalet at Frode Bjørnås var ugild ved handsaming av saka.

Sigmund Dyrhovden var kalla inn som varamedlem for Idar Reistad. Han tok sete og var med ved handsaming av saka.

Utvalet vedtok med 5 mot 1 røyst framlegg til vedtak.

Vedtak:

Søknad om ridebane er i strid med stadfest kommuneplan. Ein kan ikkje sjå at det er peikt på særlege grunnar for å gje dispensasjon frå kommuneplanen og søknaden må på dette grunnlag avslåast

Med heimel i gjeldande kommuneplan vert det ikkje gjeve byggjeløyve for ridebane på gnr.19 bnr.8.

Vedr. opplysning om klagerett på vedtaket, vert det synt til forvaltningslova §§ 27 og 29-32, og plan og bygningslova § 15. Klagefristen er 3 veker frå de mottok vedtaket.

0051/07

UTBYGGINGSPLAN HAGAMULEN.

Framlegg til vedtak::

Framlegg til utbyggingsplan for Hagamulen dagsett 19.08.2007 med vedlegg vert lagt ut til offentleg ettersyn. Framlegget vert sendt til Statens vegvesen for handsaming vedkomande avkjørsel og redusert byggjegrænse.

Handsaming i møte:

Utvalet vedtok samrøystes framlegg til vedtak.

Vedtak:

Framlegg til utbyggingsplan for Hagamulen dagsett 19.08.2007 med vedlegg vert lagt ut til offentleg ettersyn. Framlegget vert sendt til Statens vegvesen for handsaming vedkomande avkjørsel og redusert byggjegrænse.

0052/07

SØKNAD OM BYGGJELØYVE FOR ANNEKS PÅ GNR.4 BNR.30 TRENGEREIDFJORD.

Framlegg til vedtak::

Med heimel i plan og bygningslova § 7 vert det gjeve dispensasjon frå kommuneplan, for bygging av annekst på gnr.4 bnr.30 i Trengereidfjord.

Med heimel i plan og bygningslova § 93 vert det gjeve byggjeløyve for annekst på gnr.4 bnr.30 Trengereid fjord.

Løyvet er gjeve i samsvar med søknad. dgs.01.08.07.

Tiltakshavar er sjølv, eventuelt med leigd hjelp, ansvarleg for at arbeidet vert utført i samsvar med gjeldande krav i plan og bygningslova med tilhøyrande forskrifter.

Handsaming i møte:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Med heimel i plan og bygningslova § 7 vert det gjeve dispensasjon frå kommuneplan, for bygging av annekst på gnr.4 bnr.30 i Trengereidfjord.

Med heimel i plan og bygningslova § 93 vert det gjeve byggjeløyve for annekst på gnr.4 bnr.30 Trengereid fjord.

Løyvet er gjeve i samsvar med søknad. dgs.01.08.07.

Tiltakshavar er sjølv, eventuelt med leigd hjelp, ansvarleg for at arbeidet vert utført i samsvar med gjeldande krav i plan og bygningslova med tilhøyrande forskrifter.

0053/07

KOMMUNEDELPLAN - GODKJENNING AV PLANPROGRAM FOR STRANDSONEPLAN

Framlegg til vedtak::

Planprogram for strandsoneplan for Samnanger kommune dagsett 14.02.2007 vert godkjend slik det ligg føre. Jmf. plan- og bygningslova § 5.

Handsaming i møte:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Planprogram for strandsoneplan for Samnanger kommune dagsett 14.02.2007 vert godkjend slik det ligg føre. Jmf. plan- og bygningslova § 5.

0054/07

DELINGSSAK GNR 28, BNR 3 OG 7 FRÅDELING AV PARSELL MED GARASJE TVEITERÅS

Framlegg til vedtak::

Med heimel i paragraf 7 i plan og bygningsloven vert det gjeve dispensasjon frå kommuneplanen, og med heimel i paragraf 63 i plan og bygningsloven vert det gjeve delingsløyve for parsell med garasje frå gnr 28 bnr 3 og 7.

Deling kan godkjennast etter jordlova § 12.

Handsaming i møte:

Utvalet vedtok samrøystes framlegg til vedtak.

Vedtak:

Med heimel i paragraf 7 i plan og bygningsloven vert det gjeve dispensasjon frå kommuneplanen, og med heimel i paragraf 63 i plan og bygningsloven vert det gjeve delingsløyve for parsell med garasje frå gnr 28 bnr 3 og 7.

Deling kan godkjennast etter jordlova § 12.

0055/07

**DELINGSSAK GNR 20, BNR 3
FRÅDELING AV TOMT PÅ STEINSTVEIT**

Framlegg til vedtak:

Med heimel i § 7 i plan og bygningsloven vert det gjeve dispensasjon frå kommuneplanen, og med heimel i § 63 i plan og bygningsloven vert det gjeve delingsløyve for parsell med bustadhus frå gnr 20 bnr 3.

Deling kan godkjennast etter jordlova § 12.

Handsaming i møte:

Utvalet vedtok samrøystes framlegg til vedtak.

Vedtak:

Med heimel i § 7 i plan og bygningsloven vert det gjeve dispensasjon frå kommuneplanen, og med heimel i § 63 i plan og bygningsloven vert det gjeve delingsløyve for parsell med bustadhus frå gnr 20 bnr 3.

Deling kan godkjennast etter jordlova § 12.

0056/07

DELINGSSAK GNR 3, BNR 4 - BUSTAD PÅ VÅGE

Framlegg til vedtak:

Med heimel i § 63 og § 20-4 i plan og bygningsloven vert det ikkje gjeve delingsløyve for parsell til bustadhus frå gnr 3 bnr 4.

Med heimel i § 12 i jordlova vert det gjeve delingsløyve for parsell til bustadhus frå gnr 3 bnr 4.

Handsaming i møte:

I møtet vart det levert ut eit skriv frå søkjar dagsett 01.09.2007.

Utvalet drøfta saka, og det var semje om gje løyve til deling av tomt til bustadforemål på vilkår av at tomta vert redusert slik at ho vert trekt 30 meter bort frå elva.

Vedtak:

Med heimel i § 63 og § 20-4 i plan og bygningsloven vert det gjeve delingsløyve for parsell til bustadhus frå gnr 3 bnr 4. Parsellen skal avgrensast i høve til søknaden ved at tomta ikkje kjem nærare enn 30 m frå elva.

Med heimel i § 12 i jordlova vert det gjeve delingsløyve for parsell til bustadhus frå gnr 3 bnr 4.

0057/07

DELINGSSAK GNR 11, BNR 1.

Framlegg til vedtak:

Med heimel i § 63 og § 20-4 i plan og bygningsloven vert det gjeve delingsløyve for parsell til fritidshus frå gnr 11 bnr 1. Med heimel i § 7 i plan og bygningsloven vert det gjeve dispensasjon frå kommuneplanen.

Frådeling vil ikkje redusera landbrukseigedomen sitt ressursgrunnlag. Med omsyn til plassering av parsellen vil frådeling korkje medføre ulemper for landbruksdrift i området eller få negative konsekvensar for kulturlandskapet.

Deling kan godkjennast etter jordlova § 12

Handsaming i møte:

Utvalet slutta seg samrøystes til framlegg til vedtak.

Vedtak:

Med heimel i § 63 og § 20-4 i plan og bygningsloven vert det gjeve delingsløyve for parsell til fritidshus frå gnr 11 bnr 1. Med heimel i § 7 i plan og bygningsloven vert det gjeve dispensasjon frå kommuneplanen.

Frådeling vil ikkje redusera landbrukseigedomen sitt ressursgrunnlag. Med omsyn til plassering av parsellen vil frådeling korkje medføre ulemper for landbruksdrift i området eller få negative konsekvensar for kulturlandskapet.

Deling kan godkjennast etter jordlova § 12

0058/07

**SØKNAD OM DISPENSASJON GNR 36, BNR 1
- JARLAND**

Framlegg til vedtak:

Det vert etter plan- og bygningslova § 7 ikkje gjeve dispensasjon til å dela eit hytteområde i frå gnr 36 bnr 1 i Samnanger kommune. Me finn ikkje at det ligg føre særlege grunnar til å gje dispensasjon frå kommuneplanen. Søknaden vert ikkje imøtekomen.

Handsaming i møte:

Utvalet samla seg om eit tillegg til framlegg til vedtak.

Avsetting av areal til nye hyttefelt må vurderast i samband med rullering av kommuneplan.

Utvalet slutta seg samrøystes til framlegg til vedtak med tillegg.

Vedtak:

Det vert etter plan- og bygningslova § 7 ikkje gjeve dispensasjon til å dela eit hytteområde i frå gnr 36 bnr 1 i Samnanger kommune. Me finn ikkje at det ligg føre særlege grunnar til å gje dispensasjon frå kommuneplanen. Søknaden vert ikkje imøtekomen. Avsetting av areal til nye hyttefelt må vurderast i samband med rullering av kommuneplan.

0059/07

**SØKNAD OM DELINGSLØYVE FOR PARKERINGSPLASS
FRÅ GNR 31 BNR 6 - DYRHODDEN****Framlegg til vedtak::**

Med heimel i paragraf 7 i plan og bygningsloven vert det ikkje gjeve dispensasjon frå kommuneplanen, og med heimel i paragraf 63 i plan og bygningsloven vert det ikkje gjeve delingsløyve for parkeringsareal frå gnr 31 bnr 6.

Handsaming i møte:

Marion Langhelle Pedersen ba om å få vera ugild ved handsaming av denne saka, noko som utvalet aksepterte.

Utvalet drøfta saka. Etter framlegg frå Sture Tveit vart saka utsett. Administrasjonen vert beden om å ta kontakt med søkjar for å undersøka om det kan vera aktuelt å utvida eksisterande felles parkeringsplass evt. at det vert fremja ein søknad om eit mindre areal.

Vedtak:

Saka vert utsett.

0060/07

ENDRING AV STATUS FOR KOMMUNALE VEGAR.**Handsaming i møte:**

Utvalet gjekk igjennom utsendt liste med vurderingar av vegane. Utvalet samla seg om eit tal vegar som dei tilrår vert omklassifiserte. Det inneber ikkje at det ikkje er andre av dei kommunale vegane som bør omklassifiserast, men det må ein koma attende til seinare. Tidspunkt for omklassifiseringa vil vera avhengig av kva som evt. trengst av opprusting og når kommunen får dette gjort.

Vedtak:

Fylgjande kommunale vegar vert omklassifiserte til privat vegar

Raunekleiva

Veg mot Stølen (vegen vert først omklassifisert når oppsitarane på Stølen får tilkomst frå Nordbygdavegen)

Gamlevegen Bjørkheim

Veg frå kaien på Haga til fylkesvegen

Veg til gardane på Indre Tysse

Veg til Frøland skule

Tysselandsvegen

Veg til Haug
Veg til Jarland
Veg til Gaupholm kai

Vegane vert omklassifiserte etter kvart som dei er i ein stand som tilseier at dei kan overdragast til private.

Kommunen vil seinare vurderer omklassifisering av andre kommunale vegar og også vurderer om det er private vegar som bør få ein annan status vurdert ut frå dei kriterier som ligg til grunn i denne saka.

0061/07

NY KRAFTLEIDNING MELLOM EIDFJORD OG SAMNANGER.

Framlegg til vedtak::

Samnanger kommune gir etter plan- og bygningslova § 7 dispensasjon frå arealdelen til kommuneplan om krav til utarbeiding av reguleringsplan og frå plan- og bygningslova § 23 om krav om utarbeiding av reguleringsplan for større bygge- og anleggstiltak i samband med planlegging av leidningstrasè frå Samnanger mot Eidfjord.

Handsaming i møte:

Utvalet slutta seg samrøystes til framlegg til vedtak.

Vedtak:

Samnanger kommune gir etter plan- og bygningslova § 7 dispensasjon frå arealdelen til kommuneplan om krav til utarbeiding av reguleringsplan og frå plan- og bygningslova § 23 om krav om utarbeiding av reguleringsplan for større bygge- og anleggstiltak i samband med planlegging av leidningstrasè frå Samnanger mot Eidfjord.